



Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:  
201003306-2/344/AGUL

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
10 / 1970 = 23	
DATO 24 JAN. 2011	
AN	EKSP.

Bergen, 18. januar 2011

## Ny lov om elsertifikat må famne alle som vart lova med inn i ordninga

Auka satsing på fornybar energi er viktig for Hordaland. Dette står sentralt mellom anna i Klimaplan for Hordaland 2010-2020, der ein har fokus på at energibruken i fylket i størst mogeleg grad skal komme frå fornybare energikjelder (strategi 2B) og på ei vidare satsing på produksjon av fornybar energi i Hordaland (strategi 2C). Hordaland fylkeskommune ynskjer slik velkomen Regjeringa sitt grep med felles norsk-svensk sertifikatmarknad for fornybar energi. Med mål om auka produksjon på 13,2 TWh i Noreg innan 2020 vil sertifikatmarknaden på ein god måte vil skape grunnlag for vidare satsing på fornybar energi.


I samband med ålmenn høyring av ny lov om elsertifikat krev Hordaland fylkeskommune at staten står ved tidlegare lovnadar om at alle småkraftverk bygd etter 1.1.2004 skal få delta i sertifikatmarknaden. Eg vil her vise til fråsegn gjort av fylkesutvalet 22.4.2010 som tidlegare er oversendt Olje- og energidepartementet :

### *"Overgangsordninga for elsertifikat må omfatta alle småkraftverk frå 1.1.2004*

*Fylkesutvalet i Hordaland meiner stabile føreseielege rammevilkår er sentralt om Noreg skal lukkast med langsiktig satsing innan fornybar kraftproduksjon. Fylkesutvalet krev at Regjeringa står ved tidlegare lovnader om at alle småkraftverk bygd etter 1.1.2004 får delta i den felles marknaden med Sverige for elsertifikat (grøne sertifikat) som skal tre i kraft frå 1.1.2012.*

*Regjeringane i Noreg og Sverige inngjekk 7.9.2009 i ein overeinskomst mellom landa om etablering av felles elsertifikatmarknad frå 1.1.2012. Olje- og energiministeren har etter dette lagt fram ei overgangsordning for deltaking i sertifikatmarknaden. I denne er det berre dei minste kraftverka (inntil 1MW) frå 2004 som får vera med i ordninga, medan alle kraftverk etablert etter 7.9.2009 vert inkluderte.*

*Opplegget som departementet no legg opp til, er eit klart brot på lovnader gjevne under vegs i arbeidet med å innføra elsertifikat. Med lovnadene om at kraftverk bygde etter 1.1.2004 skulle koma med i ordninga, har mange grunneigarar fylgt opp tidlegare Storting og regjeringar sine oppmodingar om å satsa på fornybar energi og investera i småkraftverk. Regjeringa sitt nye opplegg inneber at ei rekkje kraftverkseigarar som stolte på lovnadene i 2004 vert haldne utanfor denne marknaden, sjølv om statssekretær Størvold i OED i 2008 lova at alle småkraftverk skulle få vera med. At Olje- og energidepartementet ikkje står ved tidlegare lovnader vekkjer oppsikt og stor frustrasjon hos dei som har investert i god tru på at dei ville vere inkludert."*

  
Torill Selsvold Nyborg